



Naturvernforbundet i Kvam v/ leiar Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese
Telf 90628548, epost: osoldal@online.no

5610 Øystese 26. sept 2010

Til heradsstyrepolitikarane i Kvam

Krav om konsekvensutgreiing - tunnel på Nes

Naturvernforbundet i Kvam støttar kravet om konsekvensutgreiing i samband med gjennomføring av planane om "Børvetunnelen". Me vonar medlemene i Nærings, plan og bygningsutvalet i Kvam tilrår at det vert gjort ei utgreiing av konsekvensane av det planlagde tiltaket på kultur- og naturlandskapet. Me vil med det same minna om at me er inne i naturmangfaldsåret og me kan ikkje sjå korleis dei planlagde inngrepa i kulturlandskapet på Nes er vurdert i høve til lova om naturmangfald. I den samanheng viser me også til utgreiinga som er gjort av Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (Sabima) v/ Geir Flatabø.

Kulturlandskapet i Neshagen mellom tettstadane Norheimsund og Øystese er ei svært variert og gammalt kultur- og naturlandskap med stort biologisk mangfald. Det er viktig at eit sentrumsnært område med høge kvalitetar vert teke vare på. Det er lett at det vert teke for gitt for oss som bur her og me merkar tapet fyrst når det er borte.

Freda eik

I Neshagen finn me restar av urskog med opphav for 5-6000 år sidan. Med unntak av beitinga har denne vesle skogen fått stå urørt i 4-500 år. Skogen har fått tid på seg til å utviklat eit eineståande mangfald og eiketre med høg alder. I alt er det 13 hule eiker innan eit forholdsvis lite område. Då den store eika vart freda tidleg på 1950- talet, vart alderen på ho vurdert til 950 år. Truleg er denne eika med sin omkrins på 690 cm. ei av dei største i Noreg.

I boka "Perler i Norsk Natur" står det eit avsnitt om eikeskogane på nordsida av Hardangerfjorden. Av desse er Neshagen og landskapsvernområdet på Berge att. Desse skogane som indikerer mange varmekjære artar og eit biologisk mangfald som er av det høgste i landet.

I større samanheng

På Nes har me eikeskogen i Neshagen, det verna klyngetunet med tingstova som sannsynlegvis er frå 1500 talet, samt fleire kulturminne, m.a. sju gravrøysar nede på Odden frå 800- talet. I dag har klyngetunet og eikeskogen status som verna. Men dette er lite kjent. Dersom ein ser på heile området under eitt er det kultur- og naturkvalitetane som pregar området.

Det er også verdt å merka seg at i tråd med desse kvalitetane vart det i si tid også teikna inn to bygg på oversida av riksvegen. I fylgje Geirmund Nes var føremålet å få etablert ein informasjonsstad for det biologiske mangfaldet i området. Sett i eit reiselivsperspektiv kunne dette bli ein veldig naturleg støtte for feriesenteret sin miljø-profil, og ein måte å utvikla attraksjonskrafta vidare i høve til gjestene. Av naudsynlege, praktiske årsaker var det på ein

privat reguleringsplan også lagt inn ei fotgjengarbru over riksvegen. Slik kan skogstien få tilgjenge frå nedsida, samt at resepsjon, klyngetunet og informasjonssenteret vil kunna opererast under ei felles drift.

Kort om utgreinga frå Sabima

Den heilt ferske utgreinga som er laga av Geir Flatabø for Samarbeidsrådet for biologisk mangfold, viser til at ein lengre "Børvetunell" med munning i Skipadalen vert ei monaleg rimelegare løysing enn den valde løysinga. Ei slik løysing er også det beste for det biologiske mangfaldet, men veg og tunell-løysinga er ikkje utgreidd etter lov om naturmangfald. Etter Naturvernforbundet i Kvam sitt syn er det ei klar forsøming i eit område med gammalt kultur- og naturlandskap.

I rapporten frå Sabima vert det skrive at det er "stor variasjon i vegetasjonstypar innan eit lite område, med innslag av både kultur og naturmark - slik sett eignar det seg til undervisnings- og demonstrasjons føremål. Nederst mot vegen er både nitrogenpåvirka kulturreng og ugjødsla tørreng - med antyda lågurtutforming. Dette lysåpne området her har klart det største / rikaste mangfaldet av karplanter, som ein ikkje finner andre stader i området. Ein finn ellers innslag av edellauvskog med ask, alm, hassel, - gråor heggeskog, hovudsakleg fattig eik-furuskog, med innslag av kristtorn og vivendel. Som grunneigar er oppteken av er vel det mest særmerkte det store innslaget av gamle store innhole eiker, som har fått stå, som rester etter truleg > 400 år. Hagemarkspreget viser seg med store parti med lysopen skog, gamle store tre, nokre av dei eldste med tydeleg restar etter tidlegare logging / styving, synleg på bjørk og eik truleg meir enn 50 år tilbake i tid. Det store innslaget av hassel skuldast truleg stell av skogen til hatleband produksjon."

Det vert vidare peika på at: "Med dagens løysing vil vegskjeringa ta alt / storparten av tørrenga samt kulturrenga og slik sett i vesentleg grad øydelegge / forringe naturkvaliteten / mangfaldet i området.

Ruiner etter ei gammal smidje, nokre små terassemurar, brønn og infiltrasjons anlegg går og med i vegskjeringa. Området ligg slik til at ein må gå utifrå at det ligg arkeologiske funn i bakken, grunneigar opplyser ikkje om slik vurdering er utført."

Rapporten legg vekt på at marka frå gammalt av har vore innmark, slåttemark, dels hagemark, beite, bandaskog og vedaskog. Størst verdi i dag har området som demonstrasjon, undervisning, opplevingsområde for krysninga mellom natur- og kulturmark.

Inngrepet av vegskjeringa vil fjerna eit vesentleg biologisk økotype element ved at omtrent all tørreng samfunn blir erstatta av vegskjering. Også kulturrenga, som ein ikkje legg vekt på i vernesamanheng, men som har klar verdi som kontrast i undervisnings og demonstrasjons samanheng. Tørrenga verkar og som ein buffersone til dei gamle eikene, og skjeringa vil i tillegg til å ta bort tørrenga fjerne denne buffersonen, og dramatisk kunne auke tørke og varmemestress på eikelokaliteten ved blottlegging av berg i vegskjeringa.

Flatabø vurderer at: "Hagemarka har delvis eit åpent preg. For å halde på det på sikt vil det være naudsynt med framhald i slått og rydding, dersom det ikkje vert gjennomført beiting igjen. Særleg breier edelgrana seg, og ei granplanting skaper mykje skugge. Felling av storparten av granskogen vil gje meir open hagemark skog utan om eikeskogen. Det er mange gode argument for å halda området utanom vegframføringa, og flytta vegen inn i lengd tunell.: Naturmangfald, estetisk, privatøkonomisk og rimlegare for utbyggjar og i samsvar med ønske frå innbuarane."

Helsing Naturvernforbundet i Kvam v/ Oddvar Soldal, leiar
Kopi til:
Naturvernforbundet i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland